

# JUBILEUMSAVIS HIL



**1946 - 1976**

# -ØKONOMIEN-

For å få vite litt meir om den økonomiske stoda til laget for tida, tok vi oss ein tur ned på elverket og prata litt med han som sikkert veit mest om dette. Arne Akselsen har site som kasserar i laget dei siste åra, han veit kvar skoen trykkjer.

Har idrettslaget god økonomi for tida, Arne?

Nei, ein må heller karakterisere den som därleg. Det er vanskeleg å få drifta til å balansere på grunn av dei store investeringane som er i gang på Haram, som kjem i tillegg dei vanlege utgiftene som laget strir med.

Kva er så dei største utgifts - postane?

Utan tvil er det reiseutgiftene innan fotballgruppa. Det er klart at viss ein skal drive fotball som ein driv det no i HIL, so må det koste noko, i og med at så mange av spelarane må takast heim til kampane.

Dei største inntektene?

Det må ein seie er speleinntektene ein har ganske store inntekter av billettsalet på fotballkampane. Dessutan har ein ein del att frå dansetilstellingar, bingoar og liknande. Ein får og ein del støttte frå det offentlege gjennom tilskot og desse er gode å ha.

Er det store summar det dreier seg om innan idrettslaget?

Ja, det må ein seie, det vanlege dei siste åra har vore at rekneskapet har balansert på om lag 70000 kr., og det er då ein del pengar! Ein har dessutan dei til banene, og dei representerar då ganske store verde. Det ser ein då berre på det at skadane på bana vart vurdert til om lag 45000 kr.. Desse pengane står no på sperra konto. Dei kan ikkje nyttast til anna enn det å velle bana.

Har du nokre synspunkt på korleis ein skal kunne betre økonomien? Det har vore på tale å arrangere ein dans i månaden, dessutan nokre

VI PRATAR  
MED:



bingoar og andre tilstellingar - ein lyt desverre basere seg på slike arrangement for å kunne halde drifta oppe.

Kva med sparetiltak?

Nei, det er eg ikkje med på. Det ville føre til at vi måtte spare på aktivitetane, for å sei det slik, og laget må vere minst like aktivt som det er no.

Ligg det mykje arbeid i det å vere kasserar i idrettslaget?

Ja, det gjer det. Eg brukar mange timer i året på å føre dagbok, kartoteket, ajourføre dei mange rekneskapene, sende inn medlems - korta og så vidare.

Ynskjer for året?

Håper at vi snart får ferdig trimløypa som er planlagt ovanfor skulen. Det er tanken at alle som er medlem i laget skal kunne bruke denne. Her skal ein då leggje inn ein del postar eller apparat slik at alle kan velje den vanskegraden som høver for dei. Ein måte å innføre idrott for alle på om du vil, noko som eg trur har noko for seg.

Dessutan håper eg at vi skal få til å starte ei orieteringsgruppe innan laget. Desverre strandar det pådet faktum at ein ikkje har gode nok kart enno, noko ein må prøve å rette på. Eg har sjølv drive litt med dette, og kan absolutt anbefale det for andre. Tanken har faktisk vore lufta i laget så kanskje det blir ei ordning på det om ikkje alt for lenge.

# gratulerer HIL

Idrettslaget vårt er 30 år no. Dette er ingen alder for eit idrettslag. Mange er mykje eldre og mange kan sjå tilbake på meir heider og betre resultat enn oss. Men trass alt - 30 år er vel verd å markere. I desse 30 åra har laget utvikla seg til å bli eit vel-organisert lag med stort medlemskap og aktivitetar for folk i alle aldrar. Det reint idrettslege får brei omtale andre stad-er i bladet, så her skal vi konsentrere oss meir om ein del andre ting som vedorerer eit idrettslag i året 1976.

Ei sunn sjel i ein sunn lekam har vore eit av slagorda idretten har lagt til grunn for arbeidet sitt. I eit samfunn der meir og meir fysisk aktivitet i det dag-lege vert rasjonalisert bort, er sanneleg ei viktig målsetjing. Tekniske hjelpemiddel av alle slag gjer tilvertet lettare og lettere for oss. Svært mange yrke er slik at driv ein ikkje fysisk aktivitet ved sida av, visnar kroppen bort og ein leggm ange år til alderen sin. Dette har HIL heldigvis teke konsekvensen av. Ein kan faktisk sjå at arbeidet med trim har vore det mest framgangerike dei siste åra.

Men vi må heller ikkje gløyme arbeidet for barn og ungdom. For dei som har drive A-lags fotball, har tilbodet vore godt. Dugande og innsatsfulle folk har gjort eit godt arbeid for å fremje denne delen av lagarbeidet. Dette trass i tunge arbeidstilhøve fordi dei aktive er så spreidde.

Arbeidet mellom dei som er under 18 år har ikkje vore så godt. Det har vore vanskeleg å få folk til å ta seg av dette arbeidet. Kvart årsmøte har vore same tryllekunsten for å få tak i leiatar. Men når dette er sagt, er det og rett å peike på at dei som har arbeidt med dette, har gjort det på ein framifrå måte! Når ein tenker på

kor viktig dette er, synest vi det er grunn til å etterlyse meir foreldreaktivitet. Dei fleste for-ldre er svært interesserte og positive, støttar ofte med pengar o.l., men dei er ikkje aktive nok i det praktiske arbeidet. Dette er viktig fordi idretten også har ei sosial oppgåve. Han gir eit tilbod til barn og unge slik at dei får sunne fritidsinteresser. På denne måten har idretten fått ein brei plass i tilveret vårt. Fleire og fleire kjem med i id-rettaktivitetar, og laga er i jamn framgang rundt om. Men dette tyder ikkje at idretten ikkje slit med problem. Problema er dei same, større eller mindre, i dei fleste laga, og har blitt reist på lands-basis av Idrettsaksjonen. Mottoet er: Idrett for alle. Det største og mest vanlige problemet er å skaffe pengar til drifta av laga. Det krevst stadig meir midlar for å drive eit idrettslag, og aller best var det om det offentlege kunne ta over den økonomiske bora. Men slik situasjonen har vore til no, er det lite håp om at dette vil skje i nærmaste framtid. Pengar må til, og så går meir og meir av laget si tid og innsats med til å skaffe pengar på anna vis. Bingo,

# INTERVJU MED FORMANNEN:

Vi har teke turen utover mot Åkre. Det er nemleg her Nils Haram, storbonde og fungerande formann i idrettslaget gjennom fleire år, bur. Alle på Haramsøya kjenner Nils, ivrig SAAB-entusiast, sportsmann og fotograf, så nokon nærmare presentasjon skulle vere uturvande. Vi møter han i ei velfortent fristund mens han koplar av frå gardsarbeid og tillitsverv, og slår av ein prat.

"Du har vore formann i laget ei god stund no. Korleis reagerer du på tittelen "Formann Nils"?"

Han nøler litt og veit liksom ikkje korleis han skal ta dette spørsmålet.

"Tittelen tek eg som ei ære, men ærleg talt har eg aldri følt meg som formann i den tyding at eg personleg har bukta og begge endane i laget. Nei, eg ser på meg sjølv som ein bindeledd mellom dei ulike gruppene og aktivitetane i laget."

"Vi går rett på sak: Kvifor har du vorte formann?"

"Nei, sannleg om eg veit. Det var vel fordi det var så få andre som ville ta på seg tillitsverv den tida. Sjølv sagt også fordi fleirtalet av medlemmene ville ha meg. Men etterpå har eg også fretta at eigentleg var det han



## "formann" Nils.

Jørgen Åkre som dreiv valkamp for meg."

"Du seier "den tida". Kor lenge har du eigentleg site ved roret?"

"Nei forsynemeg om eg veit. Det har vorte så mange år. Nei, tida fyl eg ikkje så godt med. Sant å seie interesserer det meg lite kor mange år det er. Men ei seks-sju år har det vorte med kvart."

"Kva synest du om å ha same tillitsverv så lenge?"

"Det er ikkje bra at same personen sit for lenge på toppen, synest eg, fordi arbeidet då har lett for å stivne i eit fast system. Difor vil ein kanskje ikkje vere like viljig til å satse på nye idear som ein med frikst blod og pågangsmot ville ha vore. Men eg vil også seie at den økonomiske situasjonen i landet vårt med dyrtid og inflasjon verkar svært bremsande på nye planar."

"Mange er sikkert interesserte i å få vite meir om kva formannsarbeidet består i. Kunne du fortelje litt om kva gjeremål og plikter du som formann har?"

"Eg har i alle fall gitt sekretären mykje arbeid. Men frå spøk til alvor. Som formann er eg den øvste leiaren for laget med alle undergruppene. Leiariene for dei ymse undergruppene kjem altså til meg med saker dei vil styret skal drøfte og ta stilling til. Såleis har eg også ansvar for å kalle saman til styremøte. Det er altså aktivitetane ute i gruppene som avgjer kor ofte eg må kalle saman hovudstyret. Dessutan har formannen ansvaret for å kalle saman til årsmøte i laget."

"Dette høyrest eigentleg ikkje så skremande ut. Likevel har det synt seg vanskeleg å finne folk som er viljuge til å ta på seg formannsvervet. Kvifor trur du folk er redde dette?"

"For det første trur eg dei fleste ikkje synest ha tid til det. Eg trur godt eg kan seie at for det andre er det rett og slett ikkje alle som høver som formann. Som formann må ein nemleg vere diplomat og vere viljig til å tinga og inngå kompromiss. For det tredje må ein sjølv sagt vere positivt innstilt til den verdi som idrettslaget representerer i samfunnet."

"Du har vore formann i ei oppgongstid for laget. Er det noko av det som har vorte utretta i

- 5 -



### I SLIKE SITUASJONAR ER NILS OG AKTIV!

di tid som formann du vil nemne."

"Det viktigaste må vere at vi har fått i stand Austnes-bana, og at idrettslaget er med som aksjeeigar i samfunnshuset. Elles er det positivt at vi etter kvart har fått brei aktivitet i laget. Då eg byrja som formann, var det berre fotball og herretrimm eg hørde snakk om. No har vi i tillegg fått dametrimm, badminton-gruppe og pistol-gevær-gruppe. Dessutan har vi hatt ei handball-gruppe i sving, men denne ligg dessverre nede for tida."

"Av og til kan ein få inntrykk av at det er vanskeleg å få med seg folket på øya i idrettsarbeidet. Kva er di erfaring?"

"Dei aller fleste har ei svært positiv innstilling til idrettslaget. Men når denne innstillinga skal syne seg i konkrete gjeremål, som til dømes lagsarbeid eller dugnadsinnsats, då er det ofte skuffande få som møter opp. Det er dei same andleta som går att både mellom dei aktive og i admi-

"Kvífor er det så mange innflyttarar som er aktive i laget?"

"Det må eg seie var eit interessant spørsmål som eg faktisk aldri har tenkt over. Eg trur likevel ein av grunnane må vere at dei kvar på sin kant har erfart verdien av å skape positive aktiviseringstilbod for unge og eldre. Noko meir veit eg sannleg ikkje å seie."

"Kva har vorte forsømt i laget?"

"Då vil eg straks nemne friidrett og liknande aktivitetar som stiller krav til meir personlege ytingar, idrettsaktivitetar der kvar einskild får høve til å konkurrere med seg sjølv."

"Vi veit at du sjølv har drive aktiv idrett, og at du framleis er i aktivitet. Kva har idretten gitt deg?"

"Først og fremst gode kameratar. Øving i å sette seg sjølv på prøve og i å auke sine eigne prestasjonar, fører også til betre innsats og større overskot i det daglege slitet og strevet. Idrett er vidare ein av grunnane til at eg aldri har hatt fritidsproblem."

"Meiner du at idrettsaktivitetar forvarar plassen sin i dagens og morgondagens samfunn?"

"Eg synest at idrettsaktivitetar ser ut til å bli viktigare og viktigare ettersom utviklinga går framover. Dette fordi fjernsynssjåing, bilkøyring og andre aktivitetar som er tilrettelagde på førehand utan at dei krev sær-



NILS  
NR 1  
(FRÅ VENSTRE)

leg eigeninnsats, blir meir og meir vanlege."

"Framtidsynskje for laget?"

"Då vonar eg at den gode ånda som ser ut til å råde i laget no, vil fylje med framover. Dei som blir valde til tillitsverv i laget, må gjere sitt beste. For at aktiv idrett skal kunne utøvast, er det like viktig at vi har dugande leiarar som dugande aktive. Vidare vonar eg at alle som er interesserte i laget, vil vere enno flinkare enn dei har vore med å hjelpe til på dugnad og andre arrangement."

"Ein kommentar heilt på tampen?"

"Vi smiler for lite alle saman, meg sjølv medrekna. Fordi smil smittar, fordi smil lettar på børene til den som smilar og til den som smilet blir retta til, bør vi smile mykje meir til kvarandre. Den som ser prestisje-jaget som rår både i arbeidslivet og i dei fleste idrettsaktivitetane, må bli heilt følen. Vi må kunne ta fram smilet uansett kva prestasjonsnivå vi står på, og kva resultat vi oppnår, anten det gjeld arbeidslivet eller idretten."

# HISTORISK OVERSYN

For å få eit oversyn over historia til Haramsøy Idrettslag, har vi tala med sekretæren i hovudstyret, Otto Standal. Såleis får vi hendene i boka han skriv møtereferata i, og det spesielle med denne boka er at ho har vorte nytta som referatsbok heilt siden laget vart skipa. Ettersom vi arbeider oss gjennom sidene, får vi eit innblikk i kva utvikling laget har gjennomgått i løpet av 30 år.

Det første vi finn omtala i boka, er eit møte om skiping av idrettslag. Dette fann stad den 25. mai 1946 på "Fjelltun", ungdomshuset på Haram. For å få vite litt meir om bakgrunnen for møtet, talar vi med Harald Haram, som refererer møtet i boka. Han fortel at ungdommene på øya i lengre tid hadde drive med ymse slag idrettsaktivitetar, mellom anna fotball og friidrettsøvingar. Men desse aktivitetane var tilfeldige, og ikkje på nokon måte organiserte. Bakgrunnen for møtet er såleis at U.L."Uredd" på Haram tek eit initiativ for å få samla dei idrettsinteresserte på øya i eit felles, velorganisert idrettslag. Møtet vart kunngjort med oppslag god tid i førevegen, og om kvelden den 25. møttest så folk fra Haram og Austnes og vedtok å skipe eit kombinert idrettslag for dei to bygdene. Då ingen frå Ulla møtte, skulle denne bygda få høve til å gå med når det høvde så. Dei første medlemene meldte seg så inn. Desse var: Håkon Haram, Ivar Rudi, Harald Haram, Matias Naustdal, Jonvar Stene, Petter S. Haram, Magnus Tomren, Peder Norvoll, Reidar Hagen, Oskar Olsen, Martin Ulla, Erling Stene; altså tolv i alt. Vidare vedtok møtelyden at års-møte i laget skulle haldast om hausten. Formann og styre for laget skulle veljast neste møte, fordi ein då vona på betre fram-møte. Dette møtet vart halde på ungdomshuset på Austnes 8. juni same året, og det var godt fram-møte både frå Austnes og Haram.

Møtelyden valde formann og styre. Matias Naustdal vart første for-mann i laget, og elles vart Petter O. Austnes, Johan Strand, Håkon Haram, Ivar Rudi, og Harald Haram valde som medlemmar av styret.

Laget var no skipa, men korleis ville aktiviteten bli? Av referat i møteboka ser vi at det var vanskeleg å samle folk om aktiv idrett. Eit forsøk vart gjort alt i juli då ein baud andre idrettslag i kommunen til kappestrid i friidrettsøvingar. I samband med dette skipa laget til treningskveldar for medlemene. Men det første forsøket enda heller därleg. Ingen av dei innbedne laga meldte seg til tevlinga, og på første treningsdagen var det ingen som møtte. Formann Naustdal skriv: "Etter ein times ventetid fann ein folk som kunne fortelje at all ungdom - omframt formannen og resten av styret - var reist til Ålesund for å sjå på fotballkamp."

Etter denne skeive starten skjedde detingen ting før den 27. juni 1948. Då vart det halde idrettsmøte att, og lovene for laget vart vedtekne, etter mønster fra Norges Idrettsforbunds normallover. Før målsparafragen, §I, lyder slik: "Føremålet til laget er ved samarbeid og kameratskap å fremje idrott og friluftsliv i sunne former."

På same møtet var punkt to på saklista idrettsplasspørsmålet. Møtelyden valde eit baneutval med Martin Ulla som formann. Utvalet fekk til oppgåve å førebu bane-spørsmålet og leggje resultata fram seinare. Det vart teke kontakt med kretsen sitt baneutval, og planar for ei hovudidrettsbane for heile øya vart utarbeidde. Men det skulle syne seg vanskeleg å få kjøpt grunn på Austnes. Det var nemleg planen å byggje tre baner på øya: ei hovudbane på Austnes og to mindre treningsbaner, ei på Haram og ei på Ulla.

På årsmøtet den 1. november 1953 gjekk ein vidare og valde eit baneutval med seks medlemer, 3 frå Har-

am og 3 frå Austnes. Dette utvalet arbeidde godt, og på eit møte seinare same månaden kunne Johan Strand opplyse at laget kunne få kjøpe jord på Haram. Petter Borgen fortalte så at også på Austnes kunne laget få kjøpt areal. Einstemig vart det så vedteke at grunn til baner skulle kjøpast på både stadar.

Men det var også idrettsaktiviteter i laget. Heilt siden laget vart skipa, var det fotball og friidrett som hadde dominert. I 1953 fekk laget også ei ski- og skeisegruppe som arbeidde aktivt eit par års tid. I 1954 vart det på årsmøtet vedteke å melde laget inn i Norges Idrettsforbund. Vidare får vi vite at laget dette året hadde spela seks kampar, 2 i Brattvåg, 2 på Vatne, 1 på Harøya og 1 mot Valderøy. Resultata står det ingenting om, men det viktigaste er at det var aktivitet i laget.

Men det var arbeidet for å få ferdig banene, som dominerte. Både på Haram og Austnes jobba folk ihuga for å få pengar til banearbeidet, og mange møtte opp på dugnad bæ stadar. Men drakampen mellom bygdelaga om pengane som kommunen gav laget, vart etter kvart for hard, og vondt blod og misuning skaptest mellom bygdene. Resultatet av bygdestriden som oppstod var at fra 1957 til 1967 lukkast det ikkje den sitande formannen å samle saman til årsmøte i laget.

I 1966 skjedde det imidlertid noko. Haramsøy deltok med eit lag i juniorserien i fotball, og det ser ut til å ha gitt meirsmak. Ungdommene hadde lyst å prøve lukka også i divisjonsfotballen, og på eit møte den 20. november 1966 vart det vedteke å søkje om å få delta i 6. divisjon i Sunnmøre Fotballkrets. Bana på Longva skulle leigast som kampbane, og på eit seinare møte same året vart oppmann og uttakingskomite for fotballgruppa valt.

Men enno var det ikkje halde årsmøte i laget. Den 11. juni 1967 lukkast det imidlertid å samle medlemene, og etter ti års stillstand var laget og aktivitetane nok ein gong formelt organisert. På års-

møtet vart det vedteke å framskunde arbeidet med å gjere ferdig bana på Haram, slik at fotball-laget kunne spele heimekampane på eiga bane.

Ved å lese i protokollen ser ein at det stadig vart gjort forsøk på å styrke økonomien til laget. Dette bekreftar at det alltid har vore dyrt å drive aktiv idrett på Haramsøya. Det er store reiseutgifter både for å få samla dei aktive, og for at laget skal kunne delta aktivt i kampar og andre konkurransar.

Den 30. mai 1968 vart eit stort mål nådd. Laget hadde endeleg fått ei eiga bane. Denne dagen blei nemlig Haramsbana, ved synfaring av representantar frå Sunnmøre Fotballkrets, godkjend til bruk i seriekamper. På årsmøtet same året låg det føre eit skriv frå styret i samfunnshuset der det oppmodar Haramsøy Idrettslag til å teikne aksjar. Det blei vedteke at laget skulle kjøpe aksjar for 1500 kroner. Derned var laget aksjeeigar også.

I åra som no kom, var det arbeidet med å gjere ferdig Austnesbana som dominerte i lag med seriefotballen. Etter store utgifter og mange dugnadstimar kom endeleg den store dagen. Den 8. august 1971 var det baneopningsturnering på Austnes, med innbedne lag og gjestar frå kretsen og pressa.

Ara etter 1970 er dessutan prega av at HIL tek rekrittavdelinga alvorleg. Heilt frå rekrittserien og oppover er Haramsøy med. Vidare får rekrittane eigne drakter, og så langt råd er har laget sytt for eigne leiarar og trenrarar til dei aldersbestemte klassene. Det er også i denne perioden laget når sitt beste resultat reint prestasjonsmessig, i og med at A-laget i fotball spela i 4. divisjon sesongen 1974. Vidare har laget arrangert "Nordøy-cupen" sidan 1973, og i 1975 fekk laget eit eige klubbmerke. Aktivitetstilboda til laget har også vorte betre, men desse kan lesast meir om under presentasjon av gruppene.

# FOTBALLGRUPPA



Dette er den største gruppa i idrettslaget, den mest aktive, og den som kanskje er idrettslaget sitt ansikt utover. For tida er det om lag 70 aktive innan fotballgruppa. Desse er fordelt på 4 lag: frå a-lag, b-lag, juniorlag til guttelag. Dese har samarbeider HIL med Nordøy I.L. om smågutte og rekruttlag. Desse går under Nordøy sine drakter dette året.

Fotballgruppa har store utgifter. Desse er fordelt på reise- og utstyrsutgifter, og blir ikkje i fullt mon dekkja av speleinntekter. Spelematriellet er av blanda karakter, berre a-laget kan seiast å ha godt grunnlag. For tida er det 18 - 20 stykker som er aktuelle på førstelaget. Medan dei yngre klassene må seiast å ha gode treningsmuleigheter, nå ein nok sei at dette ikkje er tilfelle for dei eldste klassene. Dette på grunn av at spelarane er spreidde rundt om i distriktet. Laget har såleis vanskar med å få meir enn ei samla effektiv trening for veka. Det er klart at ein må sjå dei resultatata laget oppnår i lys av denne stoda.

Spesielt for HIL er at dei trenarane laget har hatt, alltid har vore fostra innan laget. Dette er av stort verdi, ikkje minst økonomisk. Ein må i denne sammenheng leggje til at Ingvar Mjøs, som har vore trenar dei siste åra, må reknast som ein av "oss". Det kan og her vere på sin plass å nemne at Mjøs har mykje av åra



Ingvar i skotet!



for at laget er på eit såpass høgt nivå som det har vore dei siste åra. Han har bygt opp laget fysisk, det er det grunnlaget som han la, som no blir ført vidare av den nye trenaren. Han seier og at han vil føre ideane til Mjøs vidare i sitt opplegg.



Spionerer trenaren på Nordøy tru?

Kva trenaren heiter? Er det nokon som ikkje veit det, så er det altså Gunnar Standal, og han treng vel ikkje nokon nærmare presentasjon. Men er det ikkje vanskeleg for ein "innavla" å vere trenar for eit lag då, Gunnar?

Både og. Det er klart at det kah vere vanskeleg av å til å skulle sjefe over kameratane sine. Det er ikkje lett å irettesetje dei, å skue alle personlege tilhøve til side, når ein veit så godt kva problem kvar og ein har å stri med. På den andre sida har eg den fordeloen at eg kjenner dei godt alle saman, veit korleis dei tek imot korreksar, veit korleis dei reagerar, på godt og på vondt, når du kjenner at du er nøydd å bruke litt munn på dei. Målet for sesongen?

Alle spelarane vart samde på eit spalarmøte før jul, då vi skulle ta til med treninga, at målet for sesongen 1976 var at HIL skulle klare å halde den plassen ein har i 5. div., og dette står framleis ved lag.

Ein presentasjon av fotballgruppa er vel nærmast utenkjøleg utan Børge Tvedt. Han har stått i spissen for laget dei siste åra, og har lagt ned eit stort arbeid i laget.

Målet for sesongen, Børge?



F.f.v.: G.Ulla, O.Aakre, K.Olsen, P.Tomren, A.Tomren, G.Standal, N.Longva, T.Tvedt, E.Longva, P.H.Tomren, H.Tomren, J.Austnes, K.Ulla, B.Tvedt.  
Juniorlaget 1968



Av og til går  
det litt for  
hardt for seg.



Publikum fyl  
intenst med.



F.f.v.: N.Tomren, J.Aakre, J.Strand, G.Ulla, G.Standal, L.Brandal, H.Sæterøy, K.Ulla, P.H.Tomren, J.Ulla, O.Austnes, K.J.Ulvestad, O.O.Tomren, J.Austnes.



Frå baneopninga i august 1971.



Ka det ska ha sej  
at dakk speng  
attiveia dinnja dum  
me balln, pappa?



B.f.v. Asbjørn Austnes, Karsten Klokk,  
Petter S. Haram, Jon Hagen, Otto Stan-  
dal, Kjell Vestre, Petter Verpeide,  
Kjartan Fjørtoft, Gerhard Holvik, Mar-  
tin Ulla, Lars Larsen.



Ein banemann på Haram,  
Ole Kjellstad.



Petter H., Håkon, Kjetil, Petter O.,  
Konrad A. og Karsten Haram, J. Strand.



F.f.v.:M.Aüstnes,A.Olden,J.Aüstnes,  
H.Strandabø,K.Flem,G.Aüstnes,P.Aüstnes.  
7.klassa 17.mai 1964



F.f.v.:T.Aksnes,O.Olsen,K.Ulla,O.  
Otterlei,P.Tomren,H.J.Rønshaug,  
J.Aüstnes,P.Tomren,P.H.Tomren,  
B.Haram,N.Longva.Guttecup 1966



Ein banemann på Austnes,  
Hagbart Dahl.

Det er først og fremst å sikre ei god plassering på tabelltoppen.  
Går det bra, så satsar vi sjølsagt på opprykk.  
(Dette samsvarar då godt med det laget sjøl har funne ut.)



Iette er i alle fall ikkje under ein fotballkamp!

Er verkeleg grunnlaget godt nok for 4.div. då, eg tenkjer her på den vanskelege treningsituasjon laget har. Kan ein verkeleg krevje meir? Grunnen til at laget har kome så langt som det i grunnen har, er først og fremst det gode miljøet og det gode kameratskapet vi har i HIL. Eg meiner på det at det spølematriellet vi har er godt nok for 4.div.. Laget er inne i eit generasjonsskifte, og det vil ta litt tid før desse nye spelaiane er røynde rok. På litt lengre sikt trur eg det skal gå bra. Korleis er utsiktene vidare fram? Eg syns dei er gode! Vi har mange talent som vi prøver å ta god vare på, ved at vi melder på så mange lag som muleg kvart år. Det er berre om å gjere at vi får viljuge leiarar som kan ta på seg det arbeidet som dette fører med seg. Har ein noko igjen for arbeidet i laget då, er ein ikkje ofte utsett for ein del kritikk? Det er ein nok, men det lyt ein berre oversjå. Det som ein har igjen av å oppleve det miljøet, det gode kameratskapet det er i HIL, det kan ikkje vrurderast høgt nok. Eg har så mange gode minner frå tida i laget, at eg har nok å leve på i alle år framover.

Noko særskilt du vil ha fram? Eg vil gjerne få lov å nytte høvet til å takke publikum som møter trufast opp. Utan dei hadde det aldri vore muleg å drive fotball her ute. Spesielt tenkjer eg her då på "gamle - karane", dei er dei mest trottige, og det førtener dei takk for.

Takk skal du ha sjøl du Tvedt!

## HERR TRIMMEN

INTERVJU MED FORMANNEN I HERRE TRIMMEN, IVAR GRAMM FRANCK.


Dokteren vår, han Franck, kjenner vi alle saman. Men det er ikkje sikkert at alle veit at han også er formann i herretrimmgruppa i idrettslaget.

Som alle veit er han Franck ein forkava kar, ikkje alltid like lett å treffe heime. For at vi skal få nokre ord med han, må vi møte på kaia i Småbåthamna og vente til "Nordskyss" kjem fra Skjelten. Franck kjem nemleg fra helgavakt. Men trass ei mest svevnlaus natt med reising over heile Haram kommune, er han straks viljug til å stoppe ei ri og slå av ein prat.

"Kva for aktivitetar tilbyr herretrimmen?"

"Ja, akkurat no har vi kome skeivt ut, må eg tilstå. Tidleg-

are dreiv vi både volleyball og gymnastikk, men no har badminton teke heilt over. Det er eigentleg få som møter opp på trimmen, og kanskje er grunnen at badminton skremer mange. Likevel vil eg seie at ingen med nye idear skal vere redd for å møte opp, for vi treng verkeleg eit mykje breiare aktiviseringstilbod. Desuten fell annakvar fredag ut på grunn av kino, og dette dempar og noko på aktivitetene!"



KONSENTRASJON!!!

"Trimmloype. Treng vi ei trimmløype for å få folk ut av sofa-kroken og i aktivitet?"

"Eg vonar at ideen kan ha noko føre seg. Ei slik løype plassert nær garderobe og fotballbane, er ikkje eit tilbod berre til dei som vil trimme. Det er også eit tilbod til dei aktive i laget som ei gjennomskyringsløype og som ein variasjon i treninga."

"Kvifor nett trim? Er trimm meir aktuelt no enn før?"


"Vi har alle behov for å avreagere frå det daglege slitet og kavet. Trimmen byr på sosialt samvære der alle samlast på like fot, uansett stand eller yrke. Vidare er det morro å kjenne at kroppen fungerer og lystrar dei ordrane ein gir han. Dessutan aukar kroppen si motstandskraft mot sjukdomar som til dømes infarkttatak, om ein er i god fysisk form. Arbeidsvekene har også etter kvart vorte så korte at kroppen ikkje lenger, slik som før, får nok aktivitet gjennom arbeidet. No har folk betre tid til å trimme, og dei treng altså trimmen meir enn før."

"Synest du at idrettslaget tek trimmgruppa alvorleg nok?"

"Herretrimmen har aldri stilt noko krav til idrettslaget, men eg trur nok det."

"Framtidsynskje?"

"Mange fleire burde møte opp på trimmen, slik at nye tankar, idear og øvingar kan bli oppteke. Det er mellom anna mogleik for å spele land-hockey. Dei som tykkjer vi er for einsidige, bør møte opp og kome med motførrestellingar."



# DAMETRØMMEN



KIRSTEN  
FLEM



Trimmen har hatt stor framgang i dei seinare åra. Dette gjeld ikkje minst dametrimmen. Vi har tatt oss ein prat med Kirsten Flem som har vore leiar for denne gruppa heilt sidan starten. No er trimmen delt i to grupper: ei på 25 - 30 og ei på 15 - 17 personar. Tidlegare har det og vore jentegruppe, men desse er det vanskeleg å få med. Gruppene er delte inn etter formnivå, slik at det ikkje skal vere for stor skilnad innanfor kvar gruppe. Trimmen er først og fremst til for at ein skal kome i form og høva kroppen sin vedlike. Men han har ein annan funksjon og. Han skaper triveleg miljø, og gjev høve til ein avstikkar frå det kvarlagslege. Når damene samlast i gymnastikk-salen, er det oftaast stor stemning. For at trimmen skal bli leia så godt som mogeleg, har leiarane vore på instruktørkurs. Både Reidun Mehring, Kirsten Flem, Ingeborg Franck og Olga Strand har vore med på dei ulike kursa. Dei har så kome attende med inspirasjon og glød, som sjøvsagt smittar dei andre. Det viktigaste vi har lært er å bruke musikk til trimmen, seier Kirsten. Gruppa har og fått ein del nytt utstyr å hjelpe seg med, og særleg er innebandy populært. Eit anna prosjekt som trimfolka arbeider med no, er å få i stand ei

trimløype. Løypa skal gå frå Austnesbana utover gjennom skogen ca. 800 m. Ved sida av løypa er det planen å rigge til ulike trimapparat. Til dette har ein fått ein del gamle stolpar med Kraftverket. Løypa kan sjølsagt brukast av alle uansett kor hardt dei har tenkt å trenne. Kjem tid og pengar, er det meininga å få opp lys og. Men kor som er: Det viktigaste er at folk trimmar, om det er i sal, trimløype eller i naturen. Her er i alle høve eit tilbod til dei som likar seg saman med andre.



## Framhald Historisk oversyn

Så har vi altså kome fram til 1976, og laget er 30 år. På årsmøtet i fjor vart det i det høve valt ein festkomite som skulle syte for å arrangere feiringa, og formann for denne komiteen vart Gunnar Hagen. Så blir det opp til han og hjelparane hans å syte for at festen går føre seg i sonelege former, og det blir opp til dei som skal skrive neste jubileums-skrift å fortelje korleis framtida vil bli for laget.

# FOLK I FARTA

Vi har teke oss ein tur rundt i bygda for å finne ut kva folk flest meiner om idrettslaget og det arbeidet som blir gjort. Vi stillte 3 spørsmål til personane vi traff:

1. Er du aktiv på nokon måte i laget?
2. Er du nøgd med arbeidet til idrettslaget? Kva er bra/mindre bra?
3. Treng vi eigentleg eit idrettslag? Kvifor/Kvifor ikkje?

HELGA GISKE:



- I. Nei, det er eg ikkje.
2. Eg har ikkje følgt så godt med ikva idrettslaget gjer fordi eg er ikkje så interessert i idrett. Difor er det vanskeleg å seie noko spesielt om dette.
3. Ja, det treng vi. Ungdommen må ha noko å interessere seg for, og her gjer idretten eit godt arbeid. Dei eldre kunne godt ha vore mykje meir med, tykkjer eg. Alle har godt av å drive idrett.

BERNT INGE  
SUNDE:



same spørsmåla.

- I. Nei, eg er ikkje aktiv.
2. Ja, dei har mange aktivitetar å tilby folk. Eg synest det er bra når dei har fotball, herre og dametrim, badmintongruppe - har dei ikkje handballgruppe og? På ein så liten plass som dette kan ein vel ikkje krevje så mykje meir?
3. Ja, det er klart! Tenk på kor mykje meir samla øya er no mot det ho var tidlegare. Folk som aldri har høve til å møtast elles når dei møtast på fotballbana på ein kamp, går praten livleg, då helst om fotball. Når folk treffast resten av året, er det mykje fotball det dreiar seg om. Det er ikkje vanskeleg å høyre. Fotballen d.v.s. idrettslaget er med på å skape kontakt folk i mellom, og det betyr mykje for miljøet her.

LINDA JOHANSEN:



- I. Ja, d.v.s. eg var aktiv då eg budde på øya. Dreiv litt med trim og symjing.
2. Ja, dei har bra tilbod til dei som vil drive med idrett. Det er t.d. trim, badminton, etc.. Eg syns nok det heile dreier seg litt for mykje om fotball, det må gå på bekostning av andre idrettar.
3. Det syns eg vi gjer. Det må prøve å aktivisere både unge og vaksne. Eg trur at idrettslaget sine aktivitetar som har med folk frå heile øya er med på å samle folk, slik at vi kjenner oss som ein stor familie heile gjengen.

framhald side

Framhald Folk i farta.

PETTER STRAND:



PETTER STRAND:

-Ja, det må eg vel kalle meg. Eg er i alle fall aktiv tribune-slitar. Det er ikkje mange kampar eg unngår i sesongen. Vidare les eg i avisene om laget, deltek aktivt i bygdesladderen og held meg såleis underretta om kva som til ei kvar tid går føre seg.

-Eg vil i alle fall seie at eg ikkje har noko å klandre idrettslaget for, og ikkje noko å utsette på det arbeidet laget gjer, heller. Eg synest det er fine greier.

-Nei, eg kan ikkje seie at eg saknar noko. Det er gode greier det som blir gjort, og eg synest dei aktive gjer eit verdfullt arbeid.

-Ja, det synest eg verkleg. Laget skaper eit fint miljø. Dersom idrettslaget skulle bli borte, ville det jammen bli tomt. Vidare er idretten ikkje berre eit tilbod til våre eigne, men også til dei som flyttar til øya. Gjennom idrettslaget blir dei kjende med både unge og eldre. Dette gjer at dei lettare finn seg til rette

og trivest. Vidare skaper idrettslaget kontakt. Kampane og tilstelningane er ein møtestad for folk, der ein treffest, pratar og har det morosamt. Alle ser gjerne sine eigne sigrar, og slik blir kampane spanande også.

Men det eg set mest pris på, uansett om laget vinn eller taper, er at kvar på sin måte yter sitt aller beste. Då kan ein ikkje krevje noko meir.

framhald Gratulerer HIL

dans og andre arrangement blir grunnlaget for drifta. Dersom dette ikkje strekk til, lyt laga ty til næringslivet. Frå dei største til dei minste laga blir reklame vanlegare, og mellom toppidrettsfolk er det så store pengar ute og går at det snart er ein vits å snakke om amatørar der i garden.


Lyssky tilhøve i samband med spolarovergangar og trenaroppdrag har vi og sett døme på. Dei klubbane som er størst og økonomisk sterkester tenar mest på dette ved sida av einskildpersonar som utnyttar situasjonen. At idretten har reklameverdi, veit vi godt. På denne måten gjer næringslivet gode pengar på investeringane i idretten. Det er og klart at det løner seg best å investere i toppklubbane. Dette er og med på å auke skilje mellom dei store og dei små klubbane. Er så dei store klubbane og toppidrettsfolka "dårlegare sportsfolk" enn oss? Nei, truleg hadde vi ikkje vore særleg betre sjølve om vi hadde hatt same tilbodet. Dette hindrar ikkje at vi må kjempe mot det vi meiner er skeivt og uehdlig innanfor idretten. Og det nærmaste då er å byrje med å feie for

# baneanlegg

## på austnes

Den 8. august 1971 vart Austnesbanen offisielt teken i bruk. Med cupstemning, fulltallig publikum og prominente personar frå kommune og krets vart nybana opna. Nordøy, Fjørtoft og Brattvåg var gjestar i opningsturneringa, og ingen hadde noko å utsetje på grasmatta, nei. 98 • 58 m måler ho, og mang ei gledesestund har ho gitt oss. Men jammen hadde ho ein trang fødsel, og I8 år tok det frå arbeidet starta til Hagbart Dahl kunne ta første avspark i 1971.

Taket vekte delvis motstand i bygda, så dei hadde både dette og deistore økonomiske problema å stri med. I 1954 fekk laget eit lån på 9000 kr. Planeringsarbeidet kom i gong. I2000 kr. vart samla saman i bygda, og seinare kom tippe midlar på I5000 i tillegg. Men enno strakk det ikkje til. Pengane gjekk og det same gjorde åra. Nye planar vart lagde, og meir grøfting og planering måtte til. I alle desse åra med vekslande optimisme og pessimisme er det ikkje rart om somme gjekk trøytt. Etter at kassa var tom att i 1967, vart det halde ekstraordinært årsmøte. Dette vedtok å ta opp eit lån på 30000 kr. i Haram Sparebank. Endeleg skulle det lukkast. I 1970 var arbeidet fullført, og bana vart tilsådd. Slik ho låg då var totalkostnaden ca. I50000 kr. Omlag I00000 har gått til kontantutlegg, av dette 20000 til grunnkjep. Resten var arbeidspengar og innkjøp av ulikt slag. Av dette er I2000 innsamla, 42000 kommunalt tilskot, I5000 tippe midlar og resten er lån. Kva dugnadsinnsatsen er verd i pengar er vanskeleg å seie. Vi skuldar i alle fall dei som har lagt ned mange timer ibana stor takk. Det



Di fleire kokkar.....

er vågsamt å trekke fram einskild-personar i denne samanhengen, men som i dag så var det stort sett same fjesa som gjekkat i dugnad-arbeidet. Den første byggjekommite-en er det likevel rett å trekke fram: Martin Ulla, Petter O. Austnes og Peter Borgen. Frå seinare tid er det umogeleg å kome forbi primus motor Hagbart Dahl.

## på haram

Ein ting var ungdommene påsya same om i byrjinga av 50-åra. Dei ville ha seg ei idrettsbane. Spørsmålet var kvar bana skulle liggje. Leiting etter grunn vart sett i gong. Til sist fekk dei kjøpe av Frangar på Haram, og på Austnes vart grunnproblema og løyste. Dette førte til at dei valde å satse på to anlegg. I 1953 vart det kjøpt 7 mål på Haram for 400 kr. pr. mål. På Austnes var det alt bulldozar i arbeid, men han vart hindra av at det var for blautt. For å halde bulldozaren i arbeid vart det så sett i gong planeringsarbeid på Haram. Problemet var pengar. Rekninga lydde på 7900 kr., og ingen finansieringsplan låg føre. I 1954 fekk bana

# FRAMTIDSUTSIKTER?

Alle som arbeider i eit idrettslag vil at laget skal ha framgang. Vi håper at laget skal få fleire medlemmar, større aktivitet og betre resultat. Dette arbeider vi for i HIL og. Det store spørsmålet er så om vi kan nå dette målet i HIL, og korleis vi skal nå det. At interessa på øya er stor, veit vi. Vi veit og at vi har eit forholdsvis høgt medlemstal, og at dette kan bli endå høgare. Aktiviteten er og i framgang, og kan enno betrast mykje. Men på eit område ser det ikkje så lyst ut for laget. Det er i spørsmålet om rekryttering.

Dette vil til sjunde og sist vere det avgjerande for laget si framtid. La oss sjå litt på dei tørre tala. Ved å vende oss til Asbjørn Orheim har vi fått ein statistikk som syner talet på born som er fødde på Haramsøya i perioden 1949 - 1975.

ÅR	1949	50	51	52	53	54	55	56	57	58	59	60	61	62	63
TAL	25	23	25	36	17	18	16	15	17	19	22	24	12	10	15

ÅR	64	65	66	67	68	69	70	71	72	73	74	75
TAL	8	17	13	11	14	12	13	8	6	10	6	7

Tala syner ein skremmende nedgang. Samanliknar vi toppunktet i 1952 med 36 born med det lågaste som er for 1972 og 1974 med 6 born, er der ein skilnad på 30 born!! Dette gir likevel ikkje eit heilt rett bilette for 1952 var eit uvanleg godt år! Det gjennomsnittlege talet på fødde i desse 27 åra er 16. Før 1960 ligg berre 1956 under gjennomsnittet, medan etter 1960 ligg alle åra med unntak av 1965 under snittet, og åra etter 1970 ligg dessidert lavast!! Dei fleste som er fødde i åra 1949 - 1960 er flytta frå øya. Med andre ord har gjennomsnittsalderen på dei fastbuande stige.



Slike må vi ha fleire av. Kva har formannen tenkt å gjøre med det?

La oss sjå litt på fotballen t.d. i lyset av desse tala. Dei som er aktive på A-laget no, er fødde før 1961. Rekrutteringsgrunnlaget fram til i dag har altså vore godt. Men ser vi på dei personane som spelar og har spela på laget sidan 1967, oppdagar vi nok ei skeivheit. Dei fleste bur ikkje lenger på øya!! På grunn av utdanning og arbeid er det lite truleg at desse blir busette her. Mange held likevel fram som medlemmar i HIL anten dei bur i Alesund, Volda eller Trondheim. Men ettersom arbeid, familie og utdanning krev sitt, blir framfallet naturlegvis stort.

I 1000 kr. av kommunen; det same i 1955. Fra ungdomslaget vart det ytt mykje: ca 6000 kr. I 1000 kr. vart gjøve frå helselaget, og Haram Landbolag gav 1000 kr. Om lag 2000 kr. vart og samla inn på bygda. Det vart såleis eit temmeleg improvisert finansieringsopplegg, fortel Johan Strand som var leiar for arbeidet denne tida. Dei som i mange år hadde kava for bana gjekk trøyte, og lite vart gjort før i 1964. På hausten dette året fekk bana 6000 kr. av kommunen. Med meir dugnad og litt leid hjelp gjekk arbeidet monaleg betre frå våren 1965. Grus og mold vart køyrt på, og i 1968 kunne ho endeleg takast i bruk. Mykje strid og kav var det å få ho i stand, men bana har tent laget godt. Ho toler utruleg mykje i tidelege vårmånader, og har såleis vore uvurderleg i sesongførebuinga. No skal ho utvidast, og i denne samanhengen har vi snakka med Ole Kjellstad som har vore drivkrafta i banearbeidet dei seinare åra. Bana var opprinnelig tenkt til grus- og treningsbane, fortel han. Og det er planen at ho skal vere ei "slitasjebane" i framtida og. Kva dekkje som skal vere er enno ikkje avgjort. Det som i alle fall må bera rast er dreneringsarbeidet. Det går ikkje an at vi må ause vatnet av ho kvar gong det har vore sterke nedbør.

Mykje har i alle høve vore ofra for bana, og vi som no nyt godt av andre sitt arbeid, har all grunn til å takke dei for det no i jubileumsåret. Vel møtt til utvidingsdugnad!



framhald Gratulerer HIL

eiga dør. Vi må heile tida spørje oss sjølve kva som er målsetjinga for arbeidet vårt, og prøve å ha rette liner. Det idrettslege er sjølvsgått viktig, men godt miljø og kameratskap må og til før ein kan seie at ein har lukkast som idrettslag!

Skal tru om ikkje ein stor del av forklaringa til stor gjennomtrekk og lav gjennomsnittsalder på laget ligga nett i dette?

I dag ser vi at skal vi kunne stille lag i dei ulike aldersbestemte klassene, må alle som har alderen og fotballsko vere med - viss det er nok då!! Det er sjøl sagt bra at alle får vere med, men ikkje så bra når ein ikkje klarer å stille lag lenger. Er det då ikkje svært godt gjort av rekruttlaget vart i fjor noko lunde å kunne halde følgje med lag som har problem med at dei har for mykje folk!? Når vi først snakkar om rekruttane, synest vi det er rett å peike på kor vanskeleg det har vore å få folk til åta seg av desse. Men ein annan ting er at når ungane ikkje får alt organisert for seg, bør dei gjere noko med det sjølve og ikkje berre sitje på røva og kreve. Likevel er det viktig at dei får hjelp av vaksne, særleg til å avvikle kampar. Men det ser ut til at folk har nok med seg sjøl. Ein skal ikkje offre noko for slike som ein ikkje nyt direkte godt av sjøl lengre. Er det betaling som vantar!?! Same problemet melder seg i dugnadsarbeidet. Det er verkeleg synd at egoismen er blitt så rådande at bygdeånda er i ferd med å doy ut. Det er ikkje det at vi trur at det hjelp så mykje å skrive dette, men no er det i alle fall sagt!

Meininga vår med dette er ikkje å svartmåle situasjonen, men eit forsök på å sjå det slik det verkeleg er. Det ser ikkje altfor lyst ut for framtida viss utviklinga vi har no, skal få halde fram! Vi skal ikkje freiste å forklare kvifor det har gått slik, og korleis utviklinga kan snuast, anna enn slå fast at det er tilhøve som idrettslaget lite rår med som vil vere avgjerande. Dei problema idrettslaget her strir med, er problema til heile øysamfunnet, berre i mindre målestokk. Det er i alle høve lite truleg at problema løyser seg av seg sjølve.

# STYRET -1916



Nils Haram  
formann



Lars H. Austnes  
nestformann



Otto Standal  
sekretær



Ingeborg Franck  
medlem



Arnka  
sen

JUBILEUMSAVISA

er gitt ut av Haramsøy Idrettslag i samband med 30 - årsjubileumet. Ho er laga av Geir Austnes, Gunnar Standal og Guttorm Ulla. Fotohjelp: Nils Haram og Knut Ulla.